



Frode Tellevik
Vågstaule 60
5938 Sæbøvågen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3060 - 22/28038

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
22.04.2022

Pålegg om fjerning av nedsunkne båtvrak og ilegging av tvangsmulkt- gbnr 469/40

Tiltak: Forureining
Stad: Gbnr 469/40
Tiltakshavar: Frode Tellevik

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 37 første ledd krev kommunen opprydding av forsøpling. Frist for opprydding er satt til 31.08.2022. Alver kommune skal underrettfast når arbeidet er utført.

Med heimel i forureininglova § 73 vert det fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt stor 15000,- samt ei dagmulkt på kr. 200,- dersom båtvraka ikkje vert fjerna, og kommunen ikkje har motteke biletdokumentasjon på dette innan 31.08.2022.

Båtvraka forureinar området rundt kaien og utgjer ein reell fare for framtidig forureining. Båtvraka er i tillegg til hinder for normal bruk av naust og kai ved fjære sjø.

Saksutgreiing

Vi viser til synfaring gjennomført på din eigedom den 24.03.2022 samt rapport utarbeidd av takstmann Terje Kleivdal som viser lokasjonen til 3 båtvrak utanfor din kai ved gbnr. 469/40. Under synfaringa kunne vi tydeleg sjå båtvrak som låg utanfor din kai. Ved fjære sjø vil desse være i til hinder for normal bruk av kai og naust.

Vi observerte også tydeleg film på sjøen i samband som oppstod rundt båtvraka. Båtane sank før du overtok eigedomen, men som grunneigar er du ansvarleg for å hindre forureining knytt til din eigedom. Båtvraka vil også være ei kjelde til mikroplast til sjø.

Grunngjeving for pålegg om rydding og ilegging av tvangsmulkt

Som grunneigar er du ansvarleg for å hindre, stanse og avgrense forureining eller fare for forureining frå avfall knytt til din eigedom jf. forureiningslova § 7.

Under synfaringa kunne vi sjå film på sjøen som tydeleg oppstod frå båtvraka. Som grunneigar er du ansvarleg for forhold knytt til din eigedom.

Føresegna i Forureiningslova § 28 seier at alle har ei plikt til å unngå forsøpling.

Båtvraka er strid med Forureiningslova § 28, første ledd, «Ingen må tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan virke skjemmaende eller være til skade eller ulempe for miljøet».

Den som har brote forsøplingsforbudet i Forureiningslova, plikter av eige tiltak å sørge for opprydding, jf. lovas § 28 siste ledd, «Den som har overtrådt forbudet i første ledd, skal sørge for nødvendig opprydding ».

Alver kommune har etter Forureiningslova § 37 mynde til å gje pålegg til den som har etterlatt, tømt eller oppbevart avfall i strid med § 28, om å fjerne dette avfallet.

Båtvraka skal leverast til godkjent avfallsanlegg/gjenvinningsstasjon og kvittering på innlevert avfall skal sendast kommunen saman med bilete dokumentasjon på at avfallet er fjerna.

Dersom kommunen innan 31.08.2022 ikkje har fått ei skriftleg tilbakemelding og biletdokumentasjon frå deg med opplysningar om opprydding vil kommunen fakturere tvangsmulkt i form av ei eingongsmulkt stor kr. 15.000,- samt ei dagmulkt på kr. 200,- frå og med 01.09.2022 fram til kommunen mottok dokumentasjon på at vraka er fjerna.

Andre opplysningar

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdslova § 7-2. Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkreivingsentral.

Tilbakemelding

Når rydding er utført, må eigar sende inn dokumentasjon for utført arbeid og returnera det til kommunen innan den nemnde fristen. Legg ved biletedokumentasjon som syner at området er rydda.

Dokumentasjon og bilete sendast til:

E-post post@alver.kommune.no

Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

Plikta til å unngå forureing følgjer av forureiningsloven § 7

Plikt til å unngå forsøpling følgjer av forureiningsloven § 28

Pålegg om opprydding eller dekning av kostnader til andre ved opprydding følgjer av forureiningsloven § 37 1.ledd.

Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningsloven § 73

Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningsloven §§ 78 og 79.

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 462 99 440 eller på epost.

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdslova § 7-2. Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/3060

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Frode Tellevik

Vågstaule 60

5938

Sæbøvågen